

SKODJE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
06.07.2010

Kopli til: Ordføreren
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 12.07.2010 kl. 15.00 på
Skodje Rådhus (merk tida)**

SAKLISTE:

- Sak 11/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 26. april 2010
- ” 12/10 - Forvaltningsrevisjonsrapport om finansforvaltning i Skodje kommune
- ” 13/10 - Forespørslar frå kontrollutvalet – manglande svar frå rådmannen
- ” 14/10 - Mottekne brev

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Vigdís T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 26. april 2010, kl. 16.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Vigdis T. Bye

Elles til stades: Dag Loe Olsen, Valborg Haugen og Magnar Flaate

= 4 voterande

Kjell Arve Reiakvam var ikkje tilstades.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Skodje kommune møtte ordfører Modolf Hareide og rådmann Kjell Bjørdal.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 08/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. MARS 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 17. mars 2010 blir godkjent.

**SAK 09/10
ÅRSMELDING 2009 – SKODJE KOMMUNE**

Innstilling datert 22.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Skodje kommune til orientering.

**SAK 10/10
KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – SKODJE KOMMUNE**

Innstilling datert 22.04.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. Innan enkelte einingar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet ser på arbeid med kvalitetssikring av økonomistyringa som viktig.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

Dag Loe Olsen
medlem
(sign.)

Magnar Flaate
medlem
(sign)

Valborg Haugen
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 06.07.2010

**SAK 12/10
FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM FINANSFORVALTNING I SKODJE
KOMMUNE**

Vedlegg til saka:

- Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 06/2010 frå kommunerevisjonen

Det blir vist til tidlegare utsendte rapport til kontrollutvalet. På side 3 i denne er det gjort greie for bakgrunnen for rapporten. Rapporten har vore til rådmannen for uttale. Rådmannen hadde ikkje merknader til rapporten.

Rapporten tek for seg kommunen sitt finansreglement, rapportering til kommunestyre og formannskap, kriteria ved val av forvaltarar, rutinar for å evaluere finansiell risiko, risikosituasjonen per i dag samt oppsummering og tilrådingar.

I punkt 7 side 15 ligg det føre oppsummering og tilrådingar.

Tilrådingane er følgjande:

- Det bør etablerast krav til risikovurderingar (i rapporteringa) i det nye reglementet.
- Det bør i nytt reglement innførast retningsliner vedrørande låneporteføljen for løpetid, durasjon og refinansieringsrisiko.
- Det bør i nytt reglement spesifiserast strategiske mål for kvar enkelt aktivaklasse som det er aktuelt for kommunen å investere i.
- Det bør i nytt reglement setjast opp klarare krav til forvaltarar ved val av slike.
- Kommunen bør ikkje tillate plasseringar i såkalla hedgefond, jf krav om høg kompetanse og mogleg konflikt med kommunelova om finansiell risiko.
- Ein bør i nytt reglement nytte seg av punktlista i den nye forskrifta når det gjeld krav til innhald i rapporteringa.
- I nytt reglement bør det også innførast rutinar som sikrar at ein utan opphald rapporterer om hendingar som ikkje blir sett på som normale i plasseringane.

På bakgrunn av ovanstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til dei konklusjonane og tilrådingane som kjem fram i forvaltningsrevisjonsrapporten om finansforvaltning i Skodje kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 06.07.2010

**SAK 13/10
FORESPØRSLAR FRÅ KONTROLLUTVALET - MANGLANDE SVAR FRÅ
RÅDMANNEN**

Vedlegg til saka:

Oversendingsbrev datert 22.04.2010 med særutskrifter av saker som krev svar frå rådmannen, jf også vedlagte skriv frå talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka produkt.

I tillegg til desse nemner eg sak 33/09 der kontrollutvalet etterlyste rutinar for oppfølging og registrering av inntekter og rutinar for behandling av mottekne brev. Kontrrollutvalet ba om svar innan 15. februar 2010.

Det har etter kvart blitt nokre forespørslar som det ikkje er mottok svar/ikkje motteke tilfredstillande svar på og fleire av desse går no langt tilbake i tid. Påminning om fristar har blitt gjort i vedtaks form. Det har vore lite respons på desse.

På bakgrunn av det som går fram ovanfor er det viktig at kontrollutvalet vurderer situasjonen.

Harald Rogne
dagleg leiar



SUNNMØRE KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Vår dato:
22.04.2010
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Skodje kommune
Rådhuset

6260 Skodje

OVERSENDING AV SÆRUTSKRIFTER FRÅ MØTE 17.03.2010

Vedlagt følger møtebok samt særutskrift frå sak 01/10, 02/10, 04/10, 05/10, 06/10 og 07/10.

Med helsing

Harald Rogne
dagleg leiar

Postadresse
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 Ålesund

Forotaksregisteret NO 889117182

Besøksadresse
Lerstadvegen 646, 4 etg.

E-postadresse
kontrollutvalg@kontrollutvalg.no

Telefon
70 17 21 58 97 60 67 83

Telefaks
70 17 21 61

Bankkonto
6543 05 24474

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 17.03.2010.

Av 5 medlem var 4 til stades.

SAK 01/10

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. DESEMBER 2009

Det kom fram synspunkt på at kontrollutvalet sitt vedtak om talet på deltakarar på kontrollutvalkonferansen på Gardemoen vart overprøvt av kommunen. I den samanhengen vart handlinga av kontrollutvalet sitt budsjett for 2010 etterspurt. Ordførar svarte på spørsmål og viste til kommunen sin økonomi og lav kursdeltaking også for andre politiske utval.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Møtebok frå møte 14. desember 2009 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalet sitt budsjett for 2010 blir gjort ved første budsjettkorrigerings dersom det har blitt utegløymt.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 17.03.2010.

Av 5 medlem var 4 til stades.

SAK 02/10

**KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANDE
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SKODJE KOMMUNE**

Saksutgreiing datert 08.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Skodje kommune datert 04.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg forelagt dei pålegg og anbefalingar som er gitt skatteoppkrevjaren i 2009 samt brev datert 17.12.2009 frå Skatteetaten samt svar frå skatteoppkrevjaren (Saksnr: 08/71, Regdato: 12.02.2010) innan 18.05.2010.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 17.03.2010.

Av 5 medlem var 4 til stades.

SAK 04/10

BILOPPSAMLING I FURULIA – HANDSAMING ETTER FORUREININGLOVA

Saksdokument datert 09.03.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber om statusrapport innan 3. mai 2010.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 17.03.2010.

Av 5 medlem var 4 til stades.

**SAK 05/10
VOI**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka. Rådmannen får frist til 18. mai til å legge fram prosjektrekneskap frå Skodje kommune sin rekneskap. Rekneskapen bør innehalde opplysningar om følgjande:

Inntekter:

Inntekter frå Norad

Andre inntekter

Kostnader:

Vikarar (vikarbehov som oppstår p.g.a. bruk av arbeidstid eller opparbeidd avspasering)

Reisekostnader (direkte kostnader og reiseregulativ)

Andre lønnskostnader (administrasjonen sin del)

Andre kostnader

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SKODJE KOMMUNE**

SÆRUTSKRIFT

av møteboka for Skodje kontrollutval i møte 17.03.2010.

Av 5 medlem var 4 til stades.

SAK 06/10

SAKER UNDER OPPFØLGING OG SAKER TIL NESTE MØTE

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gjere greie for korleis brev datert 10.06.2009 frå talsgruppa for arbeidarane ved Prestmarka produkt har vore behandla i forhold til svarfristar i forvaltningslova og journalføring etter arkivlova. Frist blir sett til 18.05.2010.
2. Brev frå Reidar Skymoen datert 25.11.2009 og 04.01.2010 blir tekne til observasjon.
3. Kontrollutvalet ber rådmannen innan ny frist, 18.05.2010 gi svar på kontrollutvalet sin forespørsel om sosiale ytingar.

Vigdis T. Bye
leiar
(sign.)



SKODJE KOMMUNE

RÅDMANNEN

Talsgruppa for arbeidarane v/Prestemarka produkt
v/Paul Birger Tysnes, styreleiar

Nedreskodjevegen 1
6260 SKODJE

Vår ref
09/433-11

Sakshandsamar
Kjell Bjørdal, 70 24 40 11

Dykkar ref

Arkiv
153

Dato
21.01.2010

SVAR - BED OM LØNSAUKE

Syner til brev datert 10.06.09 og påminning i brev 14.12.09.
Vi seier oss lei for at svaret ikkje kjem før no.

Det vert bede om lønsauke for arbeiderane ved Prestemarka Produkt.
Prestemarka er eit dagtilbod til menneske med utviklingshemming. I dagtilbodet har vi fleire aktivitetstilbod fordelt på aktivitetar i dagsenteret, verkstad, gard, gartneri og "fargeskrinet".

Skodje kommune ynskjer å gje mennesker med utviklingshemming gode tilbod.
Aktivitetstilbod som skal vere meningsfulle og retta inn mot trivsel og utvikling.

Dette er ikkje eit tilsettingsforhold med dei rettar og plikter som tilsette har i kommunen heimla i lovverket. Skodje kommune betalar ikkje løn til desse brukarane og det vert difor ikkje halde lønsforhandlingar. Dei som er aktivisert på Prestemarka utanom dagsenteret, har Skodje kommune over fleire år gitt ei arbeidsoppmuntring. Denne var lenge fastsett til kr.6,-. Frå 01.01.07 vart den auka til kr. 8,-. Vi kan ikkje, på det noverande tidspunkt, tilgodesjå arbeiderane på Prestemarka med auke i arbeidsoppmuntringa då vi har særdeles stramme rammer for alle driftseiningane i kommunen dette året.

Det er frå vår side ynskjeleg med eit møte med talsgruppa for arbeiderane v/Prestemarka produkt. Vi trur det vil vere nyttig for rådmannen, leiinga på Prestemarka og talsgruppa å utveksle synspunkt på dette vi no gir svar på og andre driftsmessige spørsmål.

Vonar at det kan vere av interesse og kallar inn til møte mandag 8. februar kl 14:00 på Rådhuset.

Med helsing

Kjell Bjørdal
rådmann

Skodje Kommunestyre

v/Rådmann Kjell Bjørdal

Rådhuset

6260 Skodje

Bed om lønsauke

Arbeidarane ved Prestemarka Produkt og deira pårørande, har vore samla til årsmøte i Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt. Fram til 01.01.2007 hadde arbeidarane ei løn på kr. 6.00 pr. time. I brev av 05.10.06 bad arbeidarane om ein lønsauke på kr. 4.00 pr. time. Saka var til høyring både i Nfu og Rådet for funksjonshemma. Skodje kommunestyre gjorde vedtak i saka 24.04.07, i sak 12/07, og det vart gjeve ei lønsuke på kr. 2.00 pr. time. Dette vart gjort gjeldande frå 01.01.2007 og løna vart auka til kr. 8.00 pr. time. Årsmøtet vedtok slikt samrøystes vedtak:

Arbeidarane ved Prestemarka Produkt bed Skodje kommunestyre å ta saka om lønsjustering opp til behandling ved årets budsjett. Arbeidarane bed no om ein lønsauke på kr. 2.00 pr. time, til kr. 10.00 pr. time. Vi bed om at lønsauken skal gjelde frå 01.01.2010.

Nedreskodjevn. 1 – 6260 Skodje

For Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt

10.06.09

Paul Birger Tysnes
Paul Birger Tysnes
Styreleiar

May Britt Haukeberg

For arbeidarane

Janne Lid

Styremedlem

INNSPEL I SAMBAND MED BUDSJETT FOR 2010

Til Skodje kommunestyre

Frå Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt.

Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt støttar innspelet frå Rådet for funksjonshemma ang. budsjett for 2010 for Skodje kommune, av brev datert 14.12.09

Talsgruppa vil sterkt understreke at tilbodet til kvar enkelt brukar går fram av enkeltvedtak, og at dette tilbodet ikkje kan reduserast utan at enkeltvedtaka også vert endra. Talsgruppa er uenig i at tilbodet til dei svakaste av dei svake, skal bli dårlegare enn det er i dag.

Arbeidarane ved Prestemarka Produkt v/Talsgruppa bad i brev av 10.06.09, til Rådmann Kjell Bjørdal om lønsauke frå 01.01.2010. Dette brevet har rådmannen enno ikkje svart på.

6260 Skodje 14.12.09

Paul Birger Tysnes

Lelar

(sign.)

Harald Nilsen

styremedlem

(sign.)

May Britt Haukeberg

arbeidarane sin repr.

(sign.)

Skodje kommunestyre
v/Ordførar Modolf Hareide

Rådhuset

6260 Skodje

Klage på saksbehandling

Viser til vårt brev av 10.06.09, til Skodje kommunestyre v/Rådmann Kjell Bjørdal, der vi bed om lønsauke for arbeidarane ved Prestemarka Produkt, frå 01.01.10.

Den 09.12.09 møtte eg rådmannen i korridorane på Rådhuset, og etterlyste då svar på vårt brev. Rådmannen trudde då at det var svart på brevet, men skulle då undersøke dette nærare.

I samband med brev av 14.12.09 der Talsgruppa kom med innspel til budsjettet for 2010, etterlyste vi nok ein gong svar på vårt brev av 10.06.09, og komm.styrerepr. Bjørn Nedreskodje spurte Rådmannen om svar på dette brevet. Rådmannen lovte at brevet skulle kome etter budsjettmøte 15.12.09.

Den 21.01.10 mottek vi så svarbrevet, 6,5 månader etter at vi første gong skreiv til Rådmannen.

Når ein ser på sakshandsaminga og saksgangen i denne saka, så meiner vi den ikkje er tilfredsstillande. Når vi skriv brev allereie 10.06.09, og bed om lønsauke frå 01.01.10, var det med tanke på å få lagt dette inn i budsjettet for 2010. Dette med å vere tidleg ute i lønsspørsmål har Rådmannen tidlegare påpeikt som viktig. Når vi etterlyste svar på brevet 09.12.09, og rådmannen trudde det var svart på, så kunne ikkje dette ha vore med i budsjettforhandlingane i det heile. Når så ikkje brevet følgde sakspapira til komm.styrerepr. til budsjettmøte 15.12.09, så hadde heller ikkje kommunestyrerepr. høve til å kommentere saka, endå brevet var stila til Skodje kommunestyre.

Talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt bed no Ordførar Modolf Hareide ta fatt i saka, og sette den på sakskartet til Kommunestyremøte i februar 2010. Ordlyden i Talsgruppa sitt brev av 10.06.09 står ved lag.

Vedlegg:

- 1. Brev frå talsgruppa av 10.06.09.**
- 2. Brev av 14.12.09.**
- 3. Brev av 21.01.10 frå rådmann Kjell Bjørdal.**

Kopi av dette brev med vedlegg er sendt til:

Kontrollutvalet i Skodje Kommune v/Vigdís Trulsen Bye

Rådmann Kjell Bjørdal

6260 Skodje 02.02.10

Med helsing

For talsgruppa for arbeidarane ved Prestemarka Produkt

Paul Birger Tysnes
Paul Birger Tysnes
leiar

Harald Nilsen

styremedlem

May Britt Haukeberg

arbeidarane sin representant

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 06.07.2010

**SAK 14/10
MOTTEKNE BREV**

Vedlegg til saka:

- Brev frå Skodje sokn om budsjettprosessen i Skodje kommune
- Forespørsel frå eldrerådet i Skodje kommune om kvaliteten på Kostra-rapporteringa i Skodje kommune

Kontrollutvalet sine oppgåver går fram av kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval.

I flg. § 4 1. ledd i forskrift om kontrollutval, skal kontrollutvalet føre løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet har ikkje plikt til å behandle andre saker enn dei som utvalet får seg førelagt av kommunestyret eller der det går fram av lov eller forskrift.

Kontrollutvalet er etter gjeldande lov og forskrift ikkje ein kommunal klageinstans, men vil i kvart enkelt tilfelle vurdere om det ut i frå m.a. vesentlegheitsvurderingar kan vere formålstenleg å ta opp slike saker.

Kontrollutvalet kan derimot av eige tiltak i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd så lenge dette kan definerast som tilsyn eller kontroll. Når det gjeld bestillingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om saka hører til under utvalet sitt kompetanseområde og om det er ønskjeleg å prioritere denne.

Kontrollutvalet har ikkje mynde til å avgjere ei sak til gunst eller ugunst for ein part, men kan naturleg nok dersom utvalet ønskjer det og økonomiske ressursar er stilt til rådvelde, undersøkje korleis saksbehandlinga i kommunen er gjort.

Den Norske Kyrkja og eldrerådet inngår ikkje i kontrollutvalet sitt arbeidsområde. Det kan derimot kommunen si saksbehandling overfor desse instansane gjere. Det blir derfor ei vurdering som kontrollutvalet må gjere om kontrollutvalet skal gå vidare med desse sakene.

Det blir lagt opp til drøfting av dette i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



DEN NORSKE KYRKJA
Skodje sokn

Kontrollutvalet
Skodje kommune

6260 SKODJE

SKODJE KOMMUNE	
Sak.	Dr.
17 MAR 2010	
P	S
Sak nr.	Sak nr.

Skodje, 16. mars 2010

Budsjettprosessen i Skodje kommune.

Vi viser til kyrkjelova §15: "kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd."

Etter at soknerådet i Skodje, som etter lova har dei same funksjonane som eit kyrkjeleg fellesråd, 10. september 2009 vedtok eit budsjettforslag for 2010 vart dette oversendt ordførar, rådmann og økonomisjef elektronisk den 18. september. Ein underteikna papirkopi vart overlevert til kommunen sitt servicetorg og journalført hos Skodje kommune 2. november.

Dette dokumentet vart først gjort kjent for kommunestyret i budsjettmøtet 15. desember, då saman med fleire andre dokument under samle-overskrifta "kommentarar til budsjettet".

Soknerådet sitt budsjettframlegg er heller ikkje registrert som "saksdokument" til kommunestyremøtet 15. desember 2009 på Skodje kommune si nettside.

Vi vil be kontrollutvalet vurdere om denne praksisen er i samsvar med §15 i kyrkjelova. På bakgrunn av brev av 2. mars 2010 frå Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet til Sandefjord kommune vil vi også be kontrollutvalet vurdere om det er rett av kommunen å fastsetje ei totalramme som skal inkludere tilskot både til Den norske kyrkja og til andre trus- og livssynssamfunn.

Vedlagt dette brevet er kopi av brev av 2. mars 2010 frå Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet til Sandefjord kommune, og kopi av brev av 11. januar 2010 frå Skodje kommune, økonomiseksjonen til Skodje sokneråd.

Med helsing

Arnstein Sæthre
kyrkjeverje



DET KONGELIGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KIRKEDEPARTEMENT

Sandefjord kommune
v/Per S. Rønningen, Kirkegårdsforvaltningen
Postboks 2025
3247 SANDEFJORD

Deres referanse

Vår referanse
201000379-/OBL

Dato

2 MAR 2010

Tilskudd til Den norske kirke og andre tros- og livssynssamfunn

Vi viser til din e-post 3. januar d.å. til Kulturdepartementet vedrørende beregning og fastsettelse av tilskudd til Den norske kirke v/Sandefjord kirkelige fellesråd og til andre tros- og livssynssamfunn. Henvendelsen ble 14. januar d.å. oversendt til Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet.

Etter det vi forstår, har formannskapet i Sandefjord vedtatt at fordelingen av de kommunale bevilgningene til henholdsvis Den norske kirke v/Sandefjord kirkelig fellesråd og til andre tros- og livssynssamfunn, hvert år skal skje innenfor en nærmere fastsatt totalramme. Denne totalrammen synes å ta utgangspunkt i nivået som gjaldt for foregående år. Etter det vi forstår, skal totalrammen ikke endres uten i særlige tilfeller. Departementet er bedt om å vurdere dette opplegget i lys av kirkelovens bestemmelser. Vi viser til følgende:

Kommunenes økonomiske ansvar på det kirkelige området er regulert i kirkeloven § 15, som lyder:

"Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkelig fellesråd:

- a) utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker,
- b) utgifter til anlegg og drift av kirkegårder,
- c) utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd,
- d) driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold,
- e) utgifter til lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring.

Postadresse
Postboks 6004 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 785

Kirkeavdelingen
Telefaks
22 24 95 53

Saksbehandler
Ole Bernt Langset
22 24 79 18

f) utgifter til reiser, kontorhold og boligtelefon for prester,

Fellesrådets budsjettforslag skal gi grunnlag for at det i soknene kan holdes de gudstjenester biskopen forordner, at nødvendige kirkelige tjenester kan ytes, at arbeidsforholdene for de kirkelig tilsatte er tilfredsstillende og at menighetsråd og fellesråd har tilstrekkelig administrativ hjelp.

Etter avtale med kirkelig fellesråd kan kommunal tjenesteyting tre i stedet for særskilt bevilgning til formål som nevnt i denne paragraf.

Kongen kan gi forskrift om kommunenes forpliktelser etter denne paragraf.

Kommunen kan ta opp lån for finansiering av sine forpliktelser etter første ledd bokstav a) og b). De nærmere vilkår for kommunens låneopptak fremgår av kommunelovens § 50.

Representant for kirkelig fellesråd kan gis møte- og talerett i kommunale organ når disse behandler saker som direkte berører fellesrådets virksomhet."

Som det framgår, skal kommunens årlige bevilgninger til formål nevnt i § 15 baseres på fellesrådets budsjettforslag for vedkommende år. Det er ikke fastsatt utfyllende forskrifter til § 15, men det ble ved Kultur- og kirkedepartementets rundskriv V-5/2002 av 16. januar 2002 redegjort nærmere for forholdet mellom kommunen og kirken, særlig i lys av kirkelovens § 15, med sikte på at kommunale og kirkelige organer har en felles forståelse av kirkelovens bestemmelser og intensjoner. Vi viser til rundskrivet, der det bl.a. heter:

"Kirken og kommunen har hver for seg ansvar og oppgaver som må løses i samarbeid. Da kommunen har det finansielle ansvaret, mens kirkens valgte organer disponerer de gitte bevilgningene, vil drøftinger og kontakt mellom kirke og kommune i særlig grad være orientert mot økonomiske forhold. I rundskriv F-24-99 heter det om dette:

"Den kirkelige lovgivning bygger på en forutsetning om dialog og samspill mellom kommune og kirke. Ved at det er lovfestet et kirkelig fellesråd i alle kommuner med mer enn ett sokn, har nå alle kommuner et kirkelig organ å forholde seg til i arbeidet med kirkebudsjettet. Loven forutsetter at fellesrådets budsjettforslag danner grunnlag for budsjettforhandlinger med kommunen. Dette nødvendiggjør nærmere drøftinger mellom fellesrådet og kommunen på et tidlig stadium i budsjettprosessen. Det er et felles ansvar for kommune og fellesråd å sørge for at det etableres og utvikles tjenlige arenaer for slike formål."


Både kirken og kommunen har etter dette et selvstendig ansvar for å ta initiativ til regelmessige møter og utvikle budsjettprosesser som sikrer god gjensidig informasjon, herunder drøfting og klargjøring av de forutsetninger både kirken og kommunen mener må legges til grunn i budsjettarbeidet."

I lys av dette, synes opplegget i Sandefjord ikke å være i tråd med de forutsetninger som følger av kirkeloven og § 15. Det framkommer riktig nok ikke av e-posten hvordan budsjettprosessen mellom kommune og fellesråd er, men som nevnt forstår vi opplegget i Sandefjord slik at de kommunale bevilgninger til Den norske kirke og andre tros- og livssynssamfunn skal fordeles med utgangspunkt i en på forhånd gitt totalramme. Siden tilskuddsordningen for tros- og livssynssamfunn utenfor Den norske kirke er regelstyrt, innebærer dette at det etableres en direkte sammenheng mellom utviklingen i medlemstall for andre tros- og livssynssamfunn og størrelsen på bevilgningene til Den norske kirke, med virkninger bl.a. som nevnt i din e-post.

Som nevnt følger det av kirkelovens § 15 at bevilgningene til Den norske kirke skal være basert på årlige budsjettforslag fra fellesrådet, dvs. etter en konkret vurdering av utgiftsbehovet det enkelte år for de formål som er nevnt i § 15. Etter det som er opplyst, kan vi ikke se at det aktuelle opplegget i Sandefjord ivaretar denne forutsetningen.

Vi antar at kommunen med sitt opplegg om en totalramme for bevilgningene til Den norske kirke og andre tros- og livssynssamfunn, ønsker å redusere den budsjettmessige usikkerheten på området. Etter det vi kan se, blir denne usikkerheten i hovedsak lagt til fellesrådet ved at den årlige bevilgningen til fellesrådet gjøres avhengig av og vil variere med medlemsutviklingen i andre tros- og livssynssamfunn. Vi viser her til våre bemerkninger ovenfor om forståelsen av kirkeloven § 15.

Med hilsen


Jørn Hagen (e.f.)
avdelingsdirektør


Ole Bernt Langset
seniorrådgiver

Kopi:

Kulturdepartementet

Sandefjord kirkelige fellesråd

KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon

Kirkerådet



SKODJE KOMMUNE

Økonomiseksjonen

Skodje sokneråd

6260 SKODJE

Dato: 11.01.10

Driftstilskot Skodje sokneråd for 2010

Kommunestyret har vedteke ei driftsramme til kyrkjelege formål for 2010 på **kr. 1.521.000,-**.

Av dette utgjær driftstilskot til Skodje sokneråd **kr. 1.475.000,-** og **kr. 46.000,-** til andre religiøse formål.

Tilskotet vert utbetalt kvartalsvis slik:

Pr. 10.01.2010	kr. 368.750,-
Pr. 10.04.2010	kr. 368.750,-
Pr. 10.06.2010	kr. 368.750,-
Pr. 10.10.2010	kr. 368.750,-

Med venleg helsing
Skodje kommune

Stig Taklo
Stig Taklo
økonomisjef

Synnøve Synnes
Synnøve Synnes
Ass. rådmann

Kontering	1472.1700.3900	kr. 675.000,-	(kr. 168.750,- pr. kvartal)
	1472.1700.3901	kr. 560.000,-	(kr. 140.000,- pr. kvartal)
	1472.1700.3930	kr. 240.000,-	(kr. 60.000,- pr. kvartal)



Møteprotokoll

Utval: ELDRERÅDET I SKODJE

Møtestad: Rådhuset

Møtedato: 21.06.2010

Tid: 14.00

SAKLISTE

Desse møtte:

Arve Berg

Norunn H. Steinnes

Gunnar Arne Valde

Ella Beite

Åse Rørhuus hadde meldt forfall, vara var kalla inn, men kunne ikkje møte.

Planlegging av Eldredagen 2010:

Røde Kors besøksteneste møte ved Anne Vidhammer.

Leiaren i Skodje pensjonistlag, Norunn Steinnes, er medlem i eldrerådet og deltek i planlegginga.

Møtesekretær førde møteboka.

Sak nr. Arkivsak

8/10 08/864

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I ELDRERÅDET
31.05.2010**

Planlegging av Eldredagen vart teke opp som første sak.

Sak 8/10

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE I ELDRERÅDET 31.05.2010

HANDSAMING:

Protokoll frå møte i Eldrerådet 31.05.2010 vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Protokoll frå møte i Eldrerådet 31.05.2010 vart samrøystes vedteken.

1. Eldredagen 2010

Foredragshaldar er Astor Furseth. Forslag på øvrige underhaldarar vart diskutert og aktuelle vil bli førespurd.

Mat er bestilt frå kjøkkenet SOMS.

Storstova på SOMS er bestilt.

2. Møteplan for 2. halvår 2010

Vart vedteken i møte 30.11.2009, og er slik:

23.08.2010

18.10.2010

29.11.2010

3. Evtentuel

KOSTRA-tal – brev frå økonomisjefen dat. 11.06.2010:

Eldrerådet viser til brev frå økonomisjefen, datert 11.06.2010, der han gjer greie for dei store avvika i KOSTRA-tala for 2009, for Skodje kommune og mellom Skodje kommune og andre kommunar.

I brevet blir det ikkje gjort greie for kvifor det er rapportert feil frå Skodje kommune, og kva tiltak som blir sett i verk for å kvalitetssikra rapporteringa. Skal KOSTRA-tala kunne brukast som det styringsverktøyet det er tenkt må Skodje kommune sikra kvaliteten på arbeidet, – dersom ikkje dette vert gjort er KOSTRA-tala utan verdi.

Det skulle ikkje vera større problem for Skode kommune enn for andre kommunar å få korrekte KOSTRA-tall. Det Eldrerådet særleg reagerar på er at ein i budsjettsamheng brukar tala frå KOSTRA til å grunngi innstramming i eldreomsorga, seinast ved budsjett for 2010.

Det er eit rettmessig krav frå Eldrerådet at Skodje kommune kvalitetsikrar tala ein rapporterer inn til KOSTRA. At kvaliteten på tala frå Skodje kommune er så upålitelege må også vera eit problem både for den politiske og administrative leiinga i kommunen.

Det må vera mogeleg for Skodje kommune å sikra kvaliteten på rapporteringa til KOSTRA, slik andre kommunar gjer.

Eldrerådet vil be kontrollutvalet gå gjennom rapporteringsrutinene, for å sikra at også Skodje kommune kan få tilfredstillande kvalitet på KOSTRA-tala.

Sak 09/841-7: Brev frå Norsk Pensjonistforbund Møre og Romsdal, helseutvalget:

Eldrerådet er eninge i svaret frå Skodje pensjonistlag, dat. 19.06.2010 om behovet for sjukeheimplassar i Skodje kommune.

Skodje eldreråd meiner at det er viktig at heile sjukeheimen blir teken i bruk.

M Ø T T E T S L U T T

Arve Berg
leiar


Norunn H. Steinnes

Ella Beite

Gunnar Arne Valde

Forvaltningsrevisjonsrapport nr. 06/2010

Finansforvaltning i Skodje kommune



Juni 2010

KOMREV3 IKS
KOMMUNEREVISJONEN



Forvaltningsrevisjon Skodje kommune

Bilete på framsida henta frå brosjyre Oslo børss "Aksjer for alle"

FORORD

Dette forvaltningsrevisjonsprosjektet er gjennomført på oppdrag frå Kontrollutvalet i Skodje kommune.

I tillegg til dette er det slik at ny finansforskrift blir gjort gjeldande 01.07.2010. Dette gir nye krav til kommunane, og det er difor naturleg å utarbeide ein slik rapport til kommunar som har finansielle plasseringar, og vi vonar at dette kan vere til hjelp for kommunane.

Vurderingane i rapporten er i hovudsak gjort av eller i samråd med Gabler Wassum as. Gabler Wassum as er eit selskap som mellom anna leverer frittstående tenester innanfor aktuar, pensjon og investeringsrådgjeving. Selskapet har 57 tilsette og har kontor i Oslo, Bergen og Kristiansand.

Rapporten har vore til rådmannen for uttale. Rådmannen hadde ikkje merknader til rapporten.

Vi vil takke administrasjonen i Skodje kommune som har vore imøtekomande i arbeidet.

Ålesund, 10.06.2010

Kjetil Bjørnsen
dagleg leiar

Kurt Anders Løvoll
revisjonsrådgjevar

INNHALD

1. Innleiing.....	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Problemstilling.....	3
1.3 Ny forskrift.....	4
2. Kommunen sitt finansreglement	6
2.1 Fakta	6
2.2 Vurdering og anbefaling	6
3. Rapportering til kommunestyre og formannskap	8
3.1 Fakta	8
3.2 Vurdering og anbefaling	8
4. Kriteria ved val av forvaltar	10
4.1 Fakta	10
4.2 Vurdering og anbefaling	10
5. Rutinar for å evaluere finansiell risiko.....	11
5.1 Fakta	11
5.2 Vurdering og anbefaling	11
6. Risikosituasjonen per i dag.....	12
6.1 Generelt.....	12
6.2 Value at Risk.....	13
7. Oppsummering og tilrådingar	15
Vedlegg.....	16

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Skodje kommunestyre gjorde i møte 22.09.2009 (sak 47/09) slikt vedtak:

Som tema for forvaltningsrevisjon blir finansforvaltning samt saksbehandling og utøving av offentlig mynde i Skodje kommune vald. Kontrollutvalet får mynde til å fastsette nærare spesifikasjonar for bestillinga.

Kontrollutvalet har ikkje etter dette spesifisert temaet finansforvaltning noko nærare.

Ny finansforskrift er gjort gjeldande frå 01.07.2010. Dette gir nye krav til kommunane, og det er difor naturleg å utarbeide ein slik rapport som dette til kommunar som har finansielle plasseringar.

Vi vil gjere spesielt merksam på at denne rapporten har fokus på den nye forskrifta. Revisjonen har ikkje merknader til gjeldande reglement og praksis i forhold til den forskrifta som no går ut.

1.2 Problemstilling

Revisjonen har valt å konkretisere problemstillinga slik:

1. Korleis er kommunen sitt finansreglement i høve til ny forskrift?
2. Er administrasjonen si rapportering til kommunestyre og formannskap tilstrekkeleg?
3. Kva kriteria ligg til grunn ved kjøp og sal av verdipapir?
4. Korleis er rutineane for å evaluere finansiell risiko, og korleis blir slik risiko handtert?
5. Tek Skodje kommune vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga?

Punkta vert vurdert opp mot krava i den nye finansforvaltningsforskrifta og opp mot det som blir vurdert som såkalla "best practice".

Vurderingane i rapporten er i hovudsak gjort i samråd med Gabler Wassum as.

Vurderingane er basert på følgjande informasjon:

- Skodje kommune – Økonomi- og finansreglement K-sak 45/08 (Vedlegg 2)
- Sak: Finans- og økonomireglement (sak nr. 09/217-1)
- Rapport: Porteføljeoversikt frå Sparebanken Møre 31.10.2009
- Rapport: Månedrapport, oktober 2009 frå DnB NOR Kapitalforvaltning
- Rapport: Forvaltarrapport frå Skagen-fondene pr. 30.10.2010
- Perioderekneskap September 2009

1.3 Ny forskrift

KRD (Kommunal- og regionaldepartementet) har fastsett ny forskrift om finansforvaltning. Denne trer i kraft 01.07.10. Forskrift med merknadar ligg ved som vedlegg 1 til denne rapporten.

Endringane i høve til tidlegare forskrift er i første rekkje knytt til ein strammare praksis rundt fastsetjing av reglement for finansforvaltninga, i form av at kommunestyret skal vedta reglementet minst ein gong i kvar valperiode, og at det vert stilt krav om at finansforvaltninga skal vere tilpassa kompetansen som er i kommunen. I forskrifta er dette kravet formulert ved at det i kommunen til kvar tid skal vere kunnskap om finansforvaltning som er tilstrekkeleg for å utøve finansforvaltninga i samsvar med finansreglementet.

I tillegg set den nye forskrifta meir detaljerte krav til innhald i reglementet og ei styrking av krava til rapportering. Administrasjonssjefen skal minst to gonger årleg leggje fram rapportar om status for finansforvaltninga for kommunestyret. Merknadane legg til grunn at det kan vere tenleg å gjennomføre denne rapporteringa saman med annan økonomisk rapportering til kommunestyret gjennom året. Rapporteringa som skal skje etter årets utgang, vil likevel vere mest naturleg å leggje fram i ein eigen rapport tidligare enn årsrekneskapen og årsmelding, og at den går til kommunestyret. I tillegg bør årsmeldinga ha eit samandrag av utviklinga gjennom året og status ved årets slutt.

Finansforvaltninga er ein del av den samla risikostyringa og internkontrollen i ein kommune, slik at dei sentrale delane av forvaltninga ligg under administrasjonssjefen sitt ansvar for internkontroll etter § 23 i kommunelova. Den nye forskrifta slår fast at rutinane for finansforvaltninga skal sørge for at forvaltninga er utført i tråd med finansreglementet, gjeldande lover og forskrift og at finansforvaltninga er gjenstand for trygg kontroll. Kontrollutvalet er gitt ei sentral rolle i den kommunale eigenkontrollen, og skal dermed gje bidrag til ei forsvarleg finansforvaltning.

Kommunelova forbyr kommunar å ta vesentleg finansiell risiko. Vurdering av kva som er vesentleg finansiell risiko er difor ein sentral del av finansforvaltninga. I merknadene blir det lagt til grunn at det er naturleg å vurdere risikoen både i den totale forvaltningsporteføljen og det einskilde finansielle instrument, og at dette blir sett i samanheng med den økonomiske evna kommunen har til å bere risiko. I ny forskrift er det likevel ikkje stilt konkrete krav til risikovurderingar, slik det t.d. blir gjort for forsikringsselskap og pensjonsføretak.

Dei kommunale rekneskapsreglane inneber at verdiendringar på finansielle egedelar i mange tilfelle skal med i det året dei oppstår. Departementet minner om dette i merknadene til forskrifta, og understrekar at forvaltninga av langsiktige midlar

dermed kan ha budsjettmessige konsekvensar og vere utslagsgjevande for velferdstenester på kort sikt. Det kan difor vere viktig at kommunar med midlar som skal forvaltast langsiktig og som er utsett for marknadssvingingar, innrettar si økonomiforvaltning slik at det er tilgjengelege fondsmidlar som kan skjerme tenesteproduksjonen for negative verdiendringar på plasseringane.

2. Kommunen sitt finansreglement

2.1 Fakta

I Skodje kommune sitt reglement går det fram at forvaltninga av kortsiktige midlar er skilt frå forvaltninga av langsiktige midlar. Det er spesifisert at denne forvaltninga skal sikre at kommunen skal kunne betale ved forfall, og at dei samtidig skal ha en tilfredstillande avkastning. Plasseringane skal vere med lav risiko og ha kort disponeringstid. Det går vidare fram at plasseringane bør vere i bank med god soliditet, norske pengemarknadssertifikat eller pengemarknadsfond. Tidshorizonten for plasseringane kan vere opp til eitt år.

Om dei langsiktige midlane heiter det at plasseringane kan ha moderat risiko med god spreining, og at målet med fondet er at grunnkapitalen i fondet skal oppretthalde sin realverdi. Avkastning ut over det som er naudsynt for å oppretthalde grunnkapitalen, og som ikkje skal inn på driftsbudsjettet, skal bli akkumulert på eit bufferfond med minimum 5 mill. kroner. Det blir og opplyst at plasseringa bør oppnå meiravkastning ut frå lengre disponeringstid.

I reglementet heiter det vidare at kommunen skal halde frå lav til moderat risiko. Når det gjeld strategiske føringar for porteføljen heiter det mellom anna at det skal leggjast vekt på risikospreining på aktivaklasser, bransjar, sektorar, debitorgrupper og utstedarar av verdipapir. Durasjonen skal og vere tilpassa disponeringshorizonten.

Det er gitt strategiske rammer for dei forskjellige aktivaklassene, men ikkje noko strategisk vekt for den enkelte klasse. Det står at normalporteføljen skal bestå av 60% renter og 40% aksjar. Rammene er bygd opp slik at ein minimum skal ha 0% aksjar og maksimum 45% aksjar. Det blir ikkje skilt mellom norske og globale aksjar.

Utgifter til lån betyr mykje for kommunane sin økonomi. Forvaltning av passiva er difor ein viktig del av kommunen sin finansforvaltning med tanke på å oppnå lave låneutgifter og handtering av risiko for renteendringar. Kommunen sitt reglement legg opp til at kommunen skal søke å optimalisere rentekostnad og –risiko over tid ved å hente inn aktuelle tilbod ved låneopptak og refinansiering, og ved å vurdere fastrentevilkår opp mot ubundne vilkår. Det blir vidare spesifisert at fastrentelån bør utgjere mellom 0% og 50% av totalt volum, og at slike lån bør ha ulike forfallstider og bindingstid. Lån skal berre takast opp i norske kroner.

2.2 Vurdering og anbefaling

Når det gjeld strategi for plassering av dei kortsiktige midlane, og at tidshorizonten skal vere under eitt år, er dette etter vår vurdering bra.

På den eine sida vurderer vi det slik at "lav til moderat finansiell risiko" eit subjektivt

omgrep. Kommunen kan difor kanskje vurdere om det er føremålstenleg å setje klarere risikorammer i nytt finansreglement. Mao. kan ein vurdere om det er ønskeleg å talfeste kor mykje tap kommunen kan akseptere. For eksempel kunne det vore definert at kommunen skal med ein sannsynligheit på 95% ha ei forventet avkastning som er høgare enn -3%¹. På den andre sida gir reglementet i kap 3.1 klare føringar på plasseringane slik at det nok ikkje blir slik at klarere risikorammer i form av for eksempel ein stresstest eller Var95-analyse vil gi noko endring i risikostyringa gitt den strategien som kommunen har å styre etter. Fordelen ville vore å gjere synleg kor stort tap ein kan rekne med å få gitt gjeldande strategi, men det ville også medført noko meir arbeid å gjennomføre slike analyser. Vi vil difor ikkje kome med noko tilråding på dette punktet.

Det er vidare vår vurdering at det bør gjevast klarare strategiske føringar på porteføljen der det blir gitt mål for dei enkelte aktivaklassene.

Retningslinjene for forvaltning av låneporteføljen og andre finansieringsavtaler er etter vår vurdering noko lite detaljert og ein bør vurdere å spesifisere nærare rammar for løpetid, durasjon og refinansieringsrisiko i det nye finansreglementet.

¹ Jf. Avsnitt om VaR-test i kap. 6

3. Rapportering til kommunestyre og formannskap

3.1 Fakta

I finansreglementet går det fram at rapporteringa bør innehald informasjon om resultat og risiko av finansforvaltninga opp mot referansar, med kort og lang historikk for dei ulike aktivaklassene. Det bør vidare rapporterast 10 gongar i året til formannskapet, der rapportane skal innehalde finansielle transaksjonar og resultat. Jf. reglementet bør rapportering til kommunestyret skje minst 3 gonger årleg.

3.2 Vurdering og anbefaling

Det er naturleg å vurdere reglementet opp mot den nye finansforvaltningsforskrifta. Den nye forskrifta gir ei punktliste med føringar til rapporteringa:

§ 6. Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget

Administrasjonssjefen skal minst to gonger i året legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser status for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

I tillegg skal administrasjonssjefen etter årets utgang legge fram en rapport for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Bestemmelsen gjelder tilsvarende for kommuneråd eller fylkesråd i kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisme.

§ 7. Innholdet i rapporteringen

Rapporteringen skal inneholde en beskrivelse og vurdering av:

a) Aktiva

- Sammensetningen av aktiva*
- Markedsverdi, samlet og fordelt på de ulike typer aktiva*
- Vesentlige markedsendringer*
- Endringer i risikoeksponering*
- Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet*
- Markedsrenter og egne rentebetingelser*

b) Passiva

- Sammensetning av passiva*
- Løpetid for passiva*
- Verdi, samlet og fordelt på de ulike typer passiva*
- Vesentlige markedsendringer*
- Endringer i risikoeksponering*
- Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet*
- Markedsrenter og egne rentebetingelser.*

Når det gjeld kor ofte det skal rapporterast går det av forskrifta fram at dette skal

skje minst to gongar årleg. Dersom kommunen endrar punkt om rapportering til kommunestyret frå *bør* til *skal*, så er det samsvar mellom ny forskrift og kommunen sitt reglement.

I den nye forskrifta er det meir spesifisert kva rapporteringa skal innehalde, noko som må takast inn i nytt finansreglement. I den nye forskrifta går det klart fram kor ofte ein skal rapportere til kommunestyret, og kva denne rapporten skal innehalde. Vi tilrår difor at kommunen kopierer krava til rapportering (sitat over) inn i kommunen sitt nye reglement.

I tillegg til dette må ein merke seg at hendingar som ikkje er sett på som normale i plasseringane, skal rapporterast utan ugrunna opphald. Det er vår vurdering at det i eit nytt reglement difor bør innførast rutinar for å sikre slik rapportering.

4. Kriteria ved val av forvaltar

4.1 Fakta

Det er i reglementet ikkje gitt klare kriteria ved val av forvaltarar.

4.2 Vurdering og anbefaling

Etter vår vurdering vil det vere fornuftig å sette opp konkrete krav til forvaltarane. Dette kan til dømes vere:

- Grad av transparens
- Historiske resultat
- Investeringsfilosofi
- Pris

Det må og setjast opp som minimumskrav at eksterne forvaltarar har konsesjon til å tilby aktiv forvaltning eller forvaltning av verdipapirfond.

Vi minner elles om at *Lov om offentlige anskaffelser* også gjeld for kjøp av forvaltartenester sjølv om kommunen ikkje er forplikta til å følgje forskrifta om denne lova (unntaksregel).

Det er mao. slik at det er krav om konkurranse og innhenting av tilbod frå fleire aktørar. Vidare at det ikkje kan gjerast rammeavtaler som er lengre enn 4 år, og her er det ikkje tilstrekkelig med ein rammeavtale med gjensidige oppseiingsmoglegheiter då denne i prinsippet vil kunne vare uendeleg.

5. Rutinar for å evaluere finansiell risiko

5.1 Fakta

I den nye forskrifta minner departementet om reglane for rekneskapsføring av finansielle eigedelar, der det m.a. går fram at verdiendringar på finansielle aktiva i mange tilfelle skal førast i rekneskapan i det året dei oppstår. Dette medfører at forvaltninga av langsiktige midlar vil kunne ha budsjettmessige konsekvensar dersom det er eit krav til inndekning i rekneskapan påfølgjande år.

Forvaltninga av kommunen sine langsiktige aktiva må difor sjåast i samanheng med kommunen si evne til å bere kortsiktig risiko. Det vil då vere hensiktsmessig å sjå på tapspotensialet til dei langsiktige midlane i høve til kommunen sine finansielle bufferar, slik at ein i størst mogleg grad skjermar tenesteproduksjonen frå negative verdiendringar på dei langsiktige finansplasseringane.

5.2 Vurdering og anbefaling

Ut frå den dokumentasjonen vi har sett på ser det ikkje ut til å vere klare rutinar i Skodje kommune for å vurdere finansiell risiko. Rapportane frå forvaltarane viser berre til behaldning og avkastning, den finansielle risikoen blir ikkje handsama i denne dokumentasjonen.

Slik vi vurderer det er temaet finansiell risiko difor ikkje tilstrekkeleg handsama i rapporteringsrutinane, og det må etter vår vurdering etablerast krav til slike risikovurderingar i reglementet.

6. Risikosituasjonen per i dag

6.1 Generelt

I den nye finansforvaltningsforskrifta blir det presisert at det skal vere samsvar mellom kommunen sitt finansreglement og kommunen sin eigen kunnskap om finansforvaltning. Mao aukar kravet til eigen kompetanse med kor kompleks finansforvaltninga er. Dette gjeld også dersom kommunen kjøper forvaltningstenester frå andre.

Dette skal sikre at kommunen sjølv kan gjere kvalifiserte vurderingar av finansiell risiko og overvake at forvaltninga blir utøvd i tråd med finansreglementet. I strategien til kommunen blir det gitt rom til å plassere inntil 20% av dei langsiktige midlane i såkalla hedgefond². Dette betyr i praksis at 20% av dei langsiktige midlane kan plasserast i eitt hedgefond. Det er rett nok eit krav til at hedgefondet bør ha eit historisk standardavvik under 10% og ein korrelasjon mot verdsindeksen på under 0,7, slik at ein tilsynelatande vil kunne styre unna dei mest volatile³ hedgefonda. Men sjølv om ein tek omsyn til dette vil ein kunne stå ovanfor økt likviditets- og forvaltar-risiko, og dette kan vere i strid med kommuneloven §52 nr. 3.

I finansreglementet kap. 3.1 vert det opplyst at:

Innanfor desse grensene har forvaltarane fullmakt til å plassere den kapitalen dei disponerer for Skodje kommune

Når kommunen gir forvaltarane ei slik fullmakt meiner vi at det er svært viktig at det er klare føringar i finansreglementet, og at ein gjennom dei strategiske rammene hindrar at ein kan kome i eit slikt "scenario" som er vist over.

Nokre hedgefond kan vere slik at det er veldig komplisert å vurdere risiko, og dette vil dermed stille store krav til kompetanse i kommunen si finansforvaltning. Ut frå dette, og ut frå kommunelova §52 nr. 3, vurderer vi det slik at kommunen i nytt reglement bør fjerne hedgefond som investeringsmoglegheit for kommunen.

I reglementet er det ikkje gitt grenser på plassering per utstedar for klassa som er definert som aksjar. I den nye forskrifta heiter det:

finansreglementet må angi hvordan finansiell risiko skal håndteres ved å fastsette

² Det finnes ikkje nokon presis definisjon av hedgefond. Det engelske ordet hedge betyr å sikre, og truleg er dette brukt ut frå at ein kan ha både "lange" og "korte" posisjonar i marknaden på same tid (og dermed kan ein sikre sin nettoposisjon) og det at ein "sikrar" og realiserer vinstar førtløpande.

Mange hedgefond er og kjenneteikna av opplåning (giring). Det gjer at avkastninga til innskoten eigenkapital i fondet si portefølje blir meir utsett ved endringar i marknaden. Det opnar for mogleg høg avkastning, men også moglege store tap.

³ Volatilitet seier noko om i kor stor grad avkastninga har variert rundt gjennomsnittet i ein bestemt måleperiode, for eksempel siste 3 eller 5 år. Høg volatilitet viser at det har vore store variasjonar i avkastningane.

hvordan plasseringa skal fordeles på ulike aktivaklasser, debitorgrupper og utstedere

Ved å fordele plasseringane på fleire utstedarar kan ein redusere risiko, og kommunen bør difor vurdere om ein skal innføre grenser per utstedar.

Når det gjelde renteberande investeringar er det definert slike rammer for kor mykje ein kan plassere per utstedar.

6.2 Value at Risk

Value at Risk (VaR) er eit risikomål der ein bereknar det største tapet ei portefølje kan få innanfor ei definert periode, for eksempel eitt år, med ein vald sannsynlegheit med den gjeldande samansetninga av aktiva. VaR gir eit uttrykk for verdier som er utsett for hovedstoltap.

Berekninga blir basert på historiske tal, og det er vanleg å velje sannsynlegheit (konfidensnivå) på 95%. Det betyr at eit unntak – altså eit dårlegare resultat – frå VaR-verdien, kan bli forventa eitt år i ein periode på 20 år. Det er viktig å merke seg at eit slikt år med unntak kan kome når som helst i perioden.

Når VaR er negativ, for eksempel -5%, betyr dette at ikkje meir enn 5% av porteføljen kan forventast tapt i den definerte tidsperioden (året), med unntak av det eine året. Ein positiv VaR, for eksempel 2%, betyr at delar av porteføljen ikkje kan forventast tapt i den definerte tidsperioden, men at minimum forventa akkumulert avkastning vil vere 2% med unntak av det eine året.

Det er viktig å merke seg at VaR-analyse er ei statistisk risikoberekning på porteføljen, gitt aktivasamansetninga og med utgangspunkt i historiske tal. Berekninga byggjer med andre ord på ein implisitt føresetnad om at historia gjentek seg. VaR-verdien gir då innanfor disse rammene det **sannsynlege** utfallet når vi på berekningstidspunktet ser inn i framtida. I ettertid kan det reelle utfallet ha blitt annleis.

Per 31.10.2009 var fordelinga av kommunen sitt kraftfond slik:


Aktivaklasse	Sum	
	<i>MNOK</i>	<i>Prosent</i>
Norske aksjer	15 642 579	19,7 %
Globale aksjer	12 084 960	15,3 %
Pengemarked	26 720 881	33,7 %
Norske obligasjoner	19 534 411	24,7 %
Hedgefond	5 235 835	6,6 %
Sum	79 218 666	100 %

Skodje kommune var då innanfor dei strategiske rammene for aksjar, som jf. finansreglementet skal utgjere maksimalt 45% av den langsiktige porteføljen. Pr. 31.10.2009 utgjorde aksjar 41,6%.

Dersom kommunen fortsetter med ein samansetning som per 31.10.2009, vil dette gi ei forventa avkastning på 5,7%. Standardavviket til porteføljen er på 6,9%. Dette betyr at kommunen har ein VaR95 på -5,6%, altså er det 95% sannsynlegheit for at avkastning vil vere betre enn -5,6% (negativ). Eller at ein i løpet av ein periode på 20 år kan forvente at kommunen har ei negativ avkastning på minst (dårlegare enn) -5,6% (for dei langsiktige midla) i eitt av åra. Mao. kan kommunen forvente eitt år med dårlegare avkastning (større underskot på forvaltninga) enn -4,4 mill. kroner. Med denne tilpassinga er det og slik at ein med noverande strategi forventer ei negativ avkastning i eitt av fem år.

Dersom kommunen ønskjer å maksimere risiko, kan ein innafor rammene til finansreglementet tilpasse seg slik at ein oppnår ein VaR på -9,6%, altså kan ein forvente ei negativ avkastning på minst 9,6% med ein sannsynligheit på 5%. Skodje kommune må sjølv, ut frå vurdering av eigen økonomisk situasjon, vurdere om dette er å sjå på som vesentlig finansiell risiko.

I figuren under viser vi forventa avkastning for kommunen, basert på noverande strategi (berekningar og figur er laga av Gabler Wassum as):



7. Oppsummering og tilrådingar

- Når det gjeld strategi for plassering kortsiktige midlar med tidshorisont under eitt år, er dette etter vår vurdering bra.
- Når det gjeld strategi for risiko vurderer vi det slik at "lav til moderat finansiell risiko" er eit for subjektivt omgrep.
- Slik vi vurderer det er temaet finansiell risiko heller ikkje tilstrekkeleg handsama i rapporteringsrutinane.
- Retningslinjene for forvaltning av låneporteføljen og andre finansieringsavtaler er etter vår vurdering noko lite detaljert.
- Det er ikkje klare krav til val av forvaltarar i finansreglementet.
- I strategien til kommunen blir det og gitt rom til å plassere inntil 20% i såkalla hedgefond. Det er vår vurdering at enkelte av desse produkta kan vere kompliserte, og at dette difor stiller høge krav til kompetanse hos kommunen.

Tilrådingar:

- Det bør etter vår vurdering etablerast krav til risikovurderingar (i rapporteringa) i det nye reglementet.
- Det bør i nytt reglement innførast retningslinjer vedrørande låneporteføljen for løpetid, durasjon og refinansieringsrisiko.
- Det bør i nytt reglement spesifiserast strategiske mål for kvar enkelt aktivaklasse som det er aktuelt for kommunen å investere i.
- Det bør i nytt reglement setjast opp klarare krav til forvaltarar ved val av slike
- Det er vår vurdering at kommunen ikkje bør tillate plasseringar i såkalla hedgefond, jf. krav om høg kompetanse og mogleg konflikt med kommunelova om finansiell risiko.
- Ein bør i nytt reglement nytte seg av punktlista i den nye forskrifta når det gjeld krav til innhald i rapporteringa.
- I nytt reglement bør det også innførast rutinar som sikrar at ein utan opphald rapporterer om hendingar som ikkje blir sett på som normale i plasseringane.

Vedlegg

Vedlegg 1 - Ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning m/merknader



FOR 2009-06-09 nr 635: Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning

Hjemmel: Fastsatt av Kommunal- og regionaldepartementet 9. juni 2009 med hjemmel i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 52 nr. 2.

§ 1. Virkeområde

Forskriften gjelder for kommuners og fylkeskommuners virksomhet.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 2. Reglement for finansforvaltningen

Kommunestyret og fylkestinget skal selv gi regler for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

Reglementet skal vedtas minst én gang i hver kommunestyre- og fylkestingsperiode.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 3. Rammer for reglementet

Kommunestyret og fylkestinget skal ved fastsettelsen av reglementet vektlegge hensynet til en forsvarlig økonomiforvaltning og hensynet til å kunne dekke sine løpende betalingsforpliktelser. Reglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen eller fylkeskommunen fra å ta vesentlig finansiell risiko i sin finansforvaltning.

Ved forvaltning av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål skal det legges vekt på lav finansiell risiko og høy likviditet.

Det skal i kommunen eller fylkeskommunen være kunnskap om finansforvaltning som til enhver tid er tilstrekkelig for at kommunen eller fylkeskommunen kan utøve sin finansforvaltning i tråd med sitt finansreglement. Dette gjelder også når kommunen eller fylkeskommunen kjøper finansforvaltningstjenester fra andre.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 4. Innholdet i reglementet

Reglementet skal omfatte forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens midler og gjeld, herunder:

- a) Ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.
- b) Langsiktige finansielle aktiva.
- c) Gjeldsporteføljen og øvrige finansieringsavtaler.

Reglementet skal minimum angi:

- a) Formålet med forvaltningen.
- b) Hva som regnes som langsiktige finansielle aktiva.
- c) Rammer og begrensninger for forvaltningen av de ulike forvaltningstyper som angitt i første ledd, herunder tillatt risikonivå, krav til risikospredning og tillatte finansielle instrumenter.
- d) Tidspunkt for og innhold i statusrapporteringen for finansforvaltningen i med § 6 og § 7.
- e) Håndtering av avvik fra finansreglementet.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 5. Kvalitetssikring av reglementet

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer om finansreglementet legger rammer for en finansforvaltning som er i tråd med kommunelovens regler og reglene i denne forskrift. Vurderingen skal skje før reglementet vedtas i kommunestyret og fylkestinget.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 6. Rapportering til kommunestyret eller fylkestinget

Administrasjonssjefen skal minst to ganger i året legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser status for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

I tillegg skal administrasjonssjefen etter årets utgang legge fram en rapport for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen gjennom året og status ved utgangen av året.

Bestemmelsen gjelder tilsvarende for kommuneråd eller fylkesråd i kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisme.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 7. Innholdet i rapporteringen

Rapporteringen skal inneholde en beskrivelse og vurdering av:

a) Aktiva

Sammensetningen av aktiva

Markedsverdi, samlet og fordelt på de ulike typer aktiva

Vesentlige markedsendringer

Endringer i risikoeksponering

Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet

Markedsrenter og egne rentebetingelser

b) Passiva

Sammensetning av passiva

Løpetid for passiva

Verdi, samlet og fordelt på de ulike typer passiva

Vesentlige markedsendringer

Endringer i risikoeksponering

Avvik mellom faktisk forvaltning og kravene i finansreglementet

Markedsrenter og egne rentebetingelser.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 8. Rutiner for finansforvaltningen

Det skal etableres administrative rutiner som sørger for at finansforvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, gjeldende lover og denne forskrift, og at finansforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll. Det skal herunder etableres rutiner for vurdering og håndtering av finansiell risiko, og rutiner for å avdekke avvik fra finansreglementet.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at uavhengig instans med kunnskap om finansforvaltning vurderer rutinene.

Kommunestyret og fylkestinget skal påse at slike rutiner er etablert og etterleves.

Trer i kraft 1 juli 2010.

§ 9. Ikrafttredelse

Forskriften trer i kraft 1. juli 2010.

Fra samme tidspunkt oppheves forskrift 5. mars 2001 nr. 299 om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning.

Merknader

Til § 1:

Bestemmelsen angir at forskriften gjelder for kommuners og fylkeskommuners virksomhet. Dette omfatter også virksomhet i kommunale og fylkeskommunale foretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt eller interfylkeskommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27. Også disse virksomhetene skal utøve forvaltningen i tråd med finansreglementet.

Forskriften angir ikke krav om at det skal fastsettes egne finansreglement for finansforvaltningen i slike virksomheter. Kommunen eller fylkeskommunen kan imidlertid dersom en anser det hensiktsmessig, innenfor rammene og begrensningene som er gitt i kommunens eller fylkeskommunens finansreglement, utarbeide nærmere regler for slike virksomheters forvaltning av midler og gjeld.

Til § 2:

Første ledd gjentar kravet i kommuneloven § 52 nr. 1 om at kommunestyret og fylkestinget selv skal gi regler for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning (finansreglement).

Med regler for finansforvaltning siktes det til målsettinger, strategier, rammer og begrensninger for forvaltning av finansielle aktiva (plassering av kommunens eller fylkeskommunens midler), samt rapporteringsrutiner. Videre siktes det til målsettinger, strategier, rammer og begrensninger for forvaltning av finansielle passiva (gjeldsporteføljen), herunder opptak av lån, inngåelse av leasingavtaler mv., samt rapporteringsrutiner.

Det følger av kommuneloven § 52 nr. 1 at det enkelte kommunestyre og fylkesting selv skal gi regler for finansforvaltningen. Kommunestyret og fylkestinget kan således ikke delegeres ansvaret for å fastsette regler for finansforvaltningen (finansreglementet) til underordnet organ. Kommunestyret og fylkestinget må selv (som et minimum) ta stilling til hvordan finansreglementet skal utformes i tråd med reglene i kommuneloven og denne forskrift. Herunder følger det at kommunestyret og fylkestinget selv tar stilling til krav til avkastning og hvor stor risiko kommunen og fylkeskommunen påtar seg (innenfor lovens rammer), jf. kommuneloven § 52 nr. 3 (se også Ot.prp.nr.43 (1999-2000) s. 104 og 136).

Kommunestyret og fylkestinget har etter kommunelovens alminnelige regler adgang til å delegeres myndighet til annet folkevalgt organ. Slik delegeringsadgang vil også foreligge når det gjelder spørsmål om kommunens og fylkeskommunens finansforvaltning. Delegeringsadgangen vil imidlertid være avgrenset til saker hvor ikke kommunestyret og fylkestinget selv er pålagt å fatte vedtak. Det ligger til grunn at delegert myndighet i spørsmål om finansforvaltningen må utøves innenfor det fastsatte finansreglementet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette at avgjørelser av visse spørsmål knyttet til finansforvaltningen ikke skal delegeres, men avgjøres av

kommunestyret eller fylkestinget selv. Dette kan eksempelvis være avgjørelser knyttet til inngåelse av finansielle avtaler av en viss størrelsesorden.

Adgangen til å delegere myndighet til administrasjonssjefen er avgrenset til å gjelde saker som ikke er av prinsipiell betydning, jf. kommuneloven § 23 nr. 4, hvor det heter at « Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet ».

Administrasjonssjefen forestår (etter vedtak om delegering) den løpende finansforvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget, innenfor det finansreglementet kommunestyret eller fylkestinget vedtar. Administrasjonssjefen har en selvstendig plikt til å vurdere hvorvidt saker er å anse som prinsipielle, og eventuelt å legge fram saker av prinsipiell betydning.

Hva som regnes som saker av prinsipiell betydning vil på generelt grunnlag måtte vurderes ut fra avgjørelsens karakter og konsekvenser for kommunen og fylkeskommunen, og ut fra i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av saken kan anses klargjort gjennom kommunestyrets eller fylkestingets vedtak, instruksjer eller tidligere praksis.

Det ligger til grunn at kommunestyret og fylkestinget fastsetter et finansreglement med klare fullmakter fra kommunestyret og fylkestinget til administrasjonssjefen til å forestå finansforvaltningen på vegne av kommunestyret eller fylkestinget. I tillegg til å bidra til en klar ansvarsdeling mellom kommunestyret/fylkestinget og administrasjonen, vil klare fullmakter fra kommunestyret eller fylkestinget bidra til at administrasjonssjefen kan forestå den løpende finansforvaltningen på en effektiv måte på vegne av kommunestyret eller fylkestinget.

For kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisme (kommuneråd eller fylkesråd) vises det til kommuneloven § 20.

Departementet viser til kommuneloven § 76, som angir at kommunestyret og fylkestinget har det øverste tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning. Dette innebærer at kommunestyret og fylkestinget har det øverste ansvaret for å føre tilsyn med at finansreglementet etterleves.

Andre ledd angir at finansreglementet skal vedtas minst én gang i hver kommunestyre- og fylkestingsperiode. Utformingen av finansreglementet skal være gjenstand for drøftinger og behandling i kommunestyret eller fylkestinget, jf. første ledd.

Finansreglementet bør dekke hvordan finansforvaltningen skal utøves både i gode og dårlige tider. Finansreglementet bør ha en langsiktig tidshorisont, og være robust mot svingninger i finansmarkedet. Det anses likevel naturlig at kommuner og fylkeskommuner gjennomgår egen finansforvaltning og oppdaterer finansreglementet med jevne mellomrom.

Det kan være hensiktsmessig at finansreglementet vurderes årlig av kommunestyret eller fylkestinget med tanke på om det er behov for endringer, eksempelvis i forbindelse med rapporteringen til kommunestyret eller fylkestinget, jf. forskriften § 6. Det kan videre være hensiktsmessig å vurdere finansreglementet ved vesentlige markedssvingninger. Hvor ofte finansreglementet bør vurderes, utover reglementets minimumskrav, vil også kunne bero på kompleksiteten i finansforvaltningen, og andre forhold av betydning for kommunens eller fylkeskommunens finansforvaltning.

Til § 3:

Første ledd angir at kommunestyret og fylkestinget ved fastsettelsen av finansreglementet skal vektlegge hensynet til en forsvarlig økonomiforvaltning og hensynet til å kunne dekke sine løpende betalingsforpliktelser. Første ledd angir videre at reglementet skal inneholde bestemmelser som hindrer kommunen eller fylkeskommunen fra å ta vesentlig finansiell risiko i sin finansforvaltning.

Bestemmelsen har som formål å ivareta at kommuner og fylkeskommuner skal være i stand til å yte et godt og stabilt tjenestetilbud. En finans- og økonomiforvaltning som er forsvarlig både i mål og utforming er grunnlaget for å oppnå dette.

Bestemmelsen må ses i sammenheng med kommuneloven § 52 nr. 3, som angir at « Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte sine midler slik at tilfredsstillende avkastning kan oppnås, uten at det innebærer vesentlig finansiell risiko, og under hensyn til at kommunen og fylkeskommunen skal ha midler til å dekke sine betalingsforpliktelser ved forfall ».

Bestemmelsen i kommuneloven slår fast som et grunnleggende prinsipp at finansforvaltningen skal skje slik at den ivaretar hensynet til balanse mellom avkastning, risiko og likviditet. Det følger av bestemmelsen at kommunestyret og fylkestinget ved fastsettelsen av reglementet skal ta stilling til forholdet mellom avkastning, risiko og likviditet. Det enkelte kommunestyre og fylkesting må selv gjennom fastsettelsen av finansreglementet ta nærmere stilling til hva som er tilfredsstillende avkastning og vesentlig finansiell risiko, jf. Ot.prp.nr.43 (1999-2000) s. 136.

I vurderingen av vesentlig finansiell risiko vil det imidlertid være naturlig å vurdere både risikoen i kommunens eller fylkeskommunens totale forvaltningsportefølje og risikoen i de enkelte finansielle instrumenter. Hvorvidt den finansielle risiko en kommune eller fylkeskommune tar på seg i sin finansforvaltning er forsvarlig, må ses i sammenheng med kommunens eller fylkeskommunens økonomiske evne til å bære risiko.

Det understrekes at det vil være kommunestyret og fylkestinget selv som må fastsette hva som vil være tilfredsstillende avkastning for den enkelte kommune og fylkeskommune (uten at det tas vesentlig finansiell risiko). Dette innebærer at kommuner og fylkeskommuner kan (og i mange tilfeller bør) legge til grunn lav finansiell risiko og mer stabil avkastning for hele forvaltningsporteføljen, og at kommuner og fylkeskommuner ikke vil være pålagt å forvalte langsiktige

finansielle aktiva med en noe høyere finansiell risiko, jf. merknadene til § 4.

Andre ledd angir at ved forvaltning av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål skal det legges vekt på lav finansiell risiko og høy likviditet. Dette er nærmere omtalt i merknadene til § 4.

Tredje ledd fastslår at det i kommunen eller fylkeskommunen til enhver tid skal være kunnskap om finansforvaltning som er tilstrekkelig for at kommunen eller fylkeskommunen kan utøve sin finansforvaltning i tråd med sitt finansreglement. Dette innebærer at det skal være samsvar mellom finansreglementet og kommunens eller fylkeskommunens egen kunnskap om finansforvaltning, slik at forvaltningen innrettes på en betryggende måte. Reglementet skal utformes i lys av kommunens eller fylkeskommunens evne til å vurdere og håndtere finansiell risiko. Bestemmelsen fastslår at dette også gjelder når kommunen eller fylkeskommunen kjøper finansforvaltningstjenester fra andre. Bestemmelsen har som formål å presisere kommunenes og fylkeskommunenes ansvar for at finansforvaltningen utformes og organiseres på en måte som er økonomisk og operasjonelt forsvarlig gitt kompetansen i den enkelte kommune og fylkeskommune.

Med kunnskap om finansforvaltning forstås kompetanse til å kunne foreta faglig kvalifiserte vurderinger av finansiell risiko og den løpende finansforvaltningen, og kompetanse til å kontrollere om forvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, kommunelovens regler og reglene i denne forskrift.

Finansforvaltningen kan innrettes mer eller mindre kompleks. Det følger av bestemmelsen at kravet til kommunens og fylkeskommunens egen kunnskap om finansforvaltning øker med kompleksiteten i finansforvaltningen. Videre følger det av bestemmelsen at jo mer kompleks finansforvaltningen er, desto større krav vil det måtte stilles til kommunens og fylkeskommunens utforming og organisering av finansforvaltningen for at denne skal kunne anses økonomisk og administrativt/operasjonelt forsvarlig.

Bestemmelsen er ikke til hinder for at kommuner og fylkeskommuner kan kjøpe forvaltningstjenester fra andre. Kommuner og fylkeskommuner står fritt til å velge om de ønsker dette. Dersom det kjøpes forvaltningstjenester fra andre, ligger det til grunn at forvaltningen skal utøves i tråd med kommunens og fylkeskommunens finansreglement.

Det følger videre av bestemmelsen at når kommunen eller fylkeskommunen kjøper finansforvaltningstjenester fra andre, skal finansreglementet fortsatt baseres på kommunens og fylkeskommunens egen kunnskap om finansforvaltning. Dersom kommunen eller fylkeskommunen kjøper forvaltningstjenester fra andre, må kommunen og fylkeskommunen likevel selv kunne være i stand til å foreta faglig kvalifiserte vurderinger av finansiell risiko og den løpende finansforvaltningen, og være i stand til å kontrollere om forvaltningen utøves i tråd med finansreglementet, kommunelovens regler og reglene i denne forskrift.

Bestemmelsen anses som en utdyping av kommuneloven § 23 nr. 2, som

pålegger administrasjonssjefen å påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer er forsvarlig utredet, og sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.

Til § 4:

Bestemmelsen angir hva reglementet minst skal inneholde. Kravene i bestemmelsen, og beskrivelsen i denne merknaden av hva finansreglementet skal omfatte, er ikke uttømmende. Den enkelte kommune og fylkeskommune må vurdere om det kan være hensiktsmessig eller nødvendig å supplere finansreglementet ytterligere.

Tidshorizonten for når midler (finansielle aktiva) skal anvendes er avgjørende for forvaltningen av midlene, herunder hvilken risiko/avkastning en bør legge til grunn for forvaltningen. Jo lengre tidshorizont, jo mer forsvarlig kan det være å ta noe høyere risiko for å kunne oppnå en noe høyere forventet avkastning på midlene. Bestemmelsen skiller derfor mellom forvaltningen av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål og forvaltningen av langsiktige finansielle aktiva atskilt fra kommunens og fylkeskommunens midler beregnet for driftsformål.

Det vises til § 3 andre ledd, som angir at ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål skal forvaltes med lav finansiell risiko og høy likviditet. Tilsvarende krav er ikke fastsatt for forvaltningen av langsiktige finansielle aktiva. Dette innebærer at reglene i kommuneloven og forskriften åpner for at langsiktige finansielle aktiva kan forvaltes slik at man godtar noe høyere finansiell risiko, og eventuelt lavere likviditet, i bytte mot muligheten for en noe høyere avkastning på lang sikt. En forutsetning vil være at det anses forsvarlig å fokusere mindre på kortsiktige svingninger i markedet (som følge av større risiko). Langsiktige finansielle aktiva kan likevel ikke forvaltes slik at det tas vesentlig finansiell risiko, jf. kommuneloven § 52 nr. 3 og forskriften § 3 første ledd. Det understrekes at dette ikke må forstås slik at kommuner og fylkeskommuner er pålagt å forvalte langsiktige finansielle aktiva med en høyere finansiell risiko.

Det presiseres at skillet mellom ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål og langsiktige finansielle aktiva ikke entydig tilsvarer skillet mellom omløpsmidler og anleggsmidler i årsregnskapet. Eksempelvis vil langsiktige finansielle aktiva etter regnskapsreglene kunne måtte regnes som finansielle omløpsmidler.

Departementet minner om reglene for regnskapsføring av finansielle eiendeler, som innebærer at verdiendringer på finansielle eiendeler i mange tilfeller skal regnskapsføres i året de oppstår. Det vises til forskrift 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap for kommuner og fylkeskommuner § 8 og god kommunal regnskapsskikk (Kommunal Regnskapsstandard nr. 1). Forvaltningen av langsiktige midler vil dermed kunne ha budsjettmessige effekter, og være utslagsgivende for kommunens eller fylkeskommunens velferdstjenester på kort sikt. For eksempel dersom tap på finansplasseringer innebærer regnskapsmessig merforbruk og krav til inndekning i påfølgende år, eller dersom tap på finansplasseringer ikke er innarbeidet i kommunens eller fylkeskommunens

årsbudsjett. Dette innebærer at det vil kunne være nødvendig at kommuner og fylkeskommuner, i den grad kommunen eller fylkeskommunen har midler som forvaltes langsiktig og som er utsatt for markedssvingninger, innretter sin økonomiforvaltning slik at det finnes buffere (fondsmidler) som kan benyttes til å skjerme tjenesteproduksjonen for negative verdiendringer på plasseringene. Det vises her til kommuneloven § 46 nr. 6 som angir krav om at det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger. Nødvendige avsetninger omfatter avsetninger som anses nødvendige av hensyn til god kommunal økonomiforvaltning, jf. Ot.prp.nr.43 (1999-2000) s. 131.

Første ledd innebærer at reglementet skal omfatte forvaltningen av alle finansielle aktiva (plasseringer) og all passiva (gjeld). Det følger av første ledd bokstav a at reglementet skal inneholde regler for forvaltning av kommunens og fylkeskommunens ledige likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.

Med « ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål » menes midler som skal kunne være tilgjengelige for å dekke kommunens og fylkeskommunens betalingsforpliktelser etter hvert som de forfaller innenfor en kort og mellomlang tidshorison. Kommunen og fylkeskommunen må selv, ut fra egen økonomisk situasjon, forestående forpliktelser og forfallstidspunktet for disse, vurdere nærmere hva som må regnes som ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.

Som et utgangspunkt legger departementet til grunn at dette typisk er:

- løpende inntekter som skal dekke løpende utgifter,
- en andel av midler på disposisjonsfond eller ubundet investeringsfond,
- ubrukte øremerkete drifts- og investeringstilskudd,
- midler på selvkostfond,
- midler på bundne fond, hvor det eventuelt er fastsatt krav om at midler sk være disponible til enhver tid,
- ubrukte lånemidler, herunder ubrukte lånemidler tatt opp til eget lånefond.

Ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål skal forvaltes med lav finansiell risiko og høy likviditet, jf. § 3 andre ledd. Finansiell risiko er nærmere omtalt under merknadene til andre ledd.

